

Alver kommune, post@alver.kommune.no

Innspel til planprogrammet for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Sak 21/6449.

Alver kommune har mange viktige og verneverdige bygg å ta vare på. Det manglar likevel eit sentralt bygningmuseum som kan visa både bygningar og bustruktur frå tidlegare tider.

På prestegarden i Alversund står det i dag att to bygningar frå eit gamalt tun her. Gamlastova som er mykje brukt i bygda som samlingsstad og ei gamal smie som og var ein del av det gamle rekkjetunet her. Sjå vedlegg.

På prestegarden er det og det «nye» paktarhuset frå 1902, i dag utleigt til private, men i sin originale utforming.

Kunnskapen om det gamle rekkjetunet er ny for dei fleste, men dette var den vanlege buforma på våre trakter heilt fram til 1800- talet då det etter kvart vart utflytting til eigne gardstun.

På prestegarden i Alversund er det godt med areal til å byggja opp eit rekkjetun med bustadhus, løe m.m. A

Aktuelt no er bygningane i «Myre» på Alver der kommunen har tatt ned og lagra eit bustadhus og samstundes som det vert drøfta kva som kan gjerast med den svært så gamle grindsverksbygde løa.

Vidare står det gamle skulehuset på Tveiten til nedfalls. Eldste delen vart bygt i 1892 og er altså 130 år gamal i år. Dette bør og sjåast i denne samanheng, anten ved opprusting eller ved flytting til eit nytt bygdetun like ved.

Utgreiing av eit slikt museumstiltak bør koma med isom tiltak i planprogrammet og setjast i verk snarast.

Kan og nemna at det eldste noverande offentlege bygget i Alversund nemleg prestebustaden bygt i 1864/65 ligg like nedanfor Gamlestova på på Tveiten og bør kunna inngå i ei samla historie.

Vonar dette er interessant og kan følgjast opp i planen.

Med helsing

Kåre Jordal